

**Gode kollegar!**

Siste! ....

### **Informasjon frå Barne- og ungdomsavdelinga i Førde (BUA) angående handtering av barn med bronkiolitt.**

BUA skriv bl.a. i sitt informasjonsbrev: "Det er for tida RS-virus sesong, og ved Barne- og ungdomsavdelinga i Førde (BUA) merkar vi en betydeleg auke i henvendingar for ØH-vurdering. Heldigvis er det få av barna med luftvegssymptom som kjem til BUA for vurdering, som treng innlegging i sjukehus.

Vi ønskjer eit godt samarbeid med legevakter og fastlegar. Vi set pris på at de ringer for å rådføre dykk, og ta gjerne diskusjonen med oss om barnet treng innlegging eller ikkje.

Vi vil under kort oppsummere kva barn som vanlegvis har behov for innlegging ved bronkiolitt. Dette er uavhengig av kva virus som er mistenkt å vere utløysande årsak (RS-virus, rhinovirus og humant metapneumovirus er dei vanlegaste)".

[Informasjon om bronkiolitt til legar i primærhelsetenesta Helse Førde.pdf](#)

---

### **Nye opningstider ved mikrobiologisk avdeling**

Mikrobiologisk avdeling har endra opningstida ved molekylærbiologisk seksjon frå 25.10.21. Dette kan føre til auka svartid på luftvegsprøver. I tillegg får det konsekvensar for varsling av koronaprøver. Sjå lenka.

Opningstidene er no som følgjer: Mandag - søndag 08 - 15.

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/173>

---

### **Samhandlingsmøte mellom PKO og psykiatrisk klinikk**

24.11.21 blei det arrangert eit samhandlingsmøte mellom PKO og psykiatrisk klinikk. Blant tema her var planlegging av innhold i psykiatrisk fagdag i 2022, og depotinjeksjonar/medikament på pasientar som er på TUD (pasientar på tvang utan døgnopphald).

[Møte med PKO 04\\_11\\_21.docx.pdf](#)

---

## **Midlertidige innføringar av konferanseplikt i medisinsk avdeling, Helse Førde.**

Hildur Thingnes, Seksjonsleiar Medisinsk legeteneste FSS informerer:

Dei fleste innleggingar i medisinsk avdeling er naudsynte etter vurdering av kommunelege/legevakt. Som rutine vert det praktisert direkte innlegging utan konferering med LIS 2-vakta ved FSS. I periodar med stor pågang/overbelegg kan det innførast konferanseplikt der LIS 2-vakta skal vere med og vurdere moglege alternativ til innlegging saman med innleggande lege. Leiarar i medisinsk avdeling evt. ansvarsvakta har mynde til å setje i verk konferanseplikt. Vedkomande gjev beskjed til sentralbordet som så vidarekoplar telefon frå kommunelege til LIS 2-vakta. Ved oppheving av konferanseplikta skal sentralbordet få beskjed slik at ordninga ikkje varer ved lenger enn naudsynt.

---

## **Eldremedisinsk poliklinikk ved Nordfjord sjukehus opnar opp att i desember 2021.**

I 2013 opna vi tverrfagleg eldremedisin poliklinikk ved Nordfjord sjukehus, som det første tilbodet i oppbygging av geriatritilbodet i Helse Førde. Dette har vore eit godt tilbod for geriatriske pasientar i Nordfjord. Etter ei periode der dette tilbodet har vore midlertidig nede, er det gledeleg å melde at tilbodet opnar opp att i desember 2021. Eldremedisinsk poliklinikk i Førde opna i 2015. Frå 2019 er 6 senger på medisinsk avdeling i Førde avsett til akutt geriatrisk kardiologi. Nye Førde sjukehus er planlagt med fullverdig geriatrisk sengegruppe for heile Helse Førde frå 2024.

Dei eldremedisinske poliklinikkane er tverrfaglege geriatriske tilbod lokalisert på medisinsk poliklinikk. Ved Nordfjord sjukehus har vi også psykiater i teamet, noko som er ein styrke for tilbodet. Mange geriatriske pasientar har kognitive utfordringar. Demenssjukdom kan gje nevropsykiatriske symptom der psykiater har best kompetanse.

Poliklinikkane er eit reint elektivt tilbod og skal gjennomføre utgreiing, diagnostisering og avklaring der det er hensiktsmessig. Den viktigaste oppfølginga vidare føregår i kommunen. Ved demenssjukdom er det viktig med etablert kontakt med kommunen, inklusive hukommelsesteam ved avslutning på poliklinikken. Eldremedisinsk poliklinikk er primært tilbod for geriatriske pasientar over 70 år, men det er ingen absolutt aldersgrense.

Pasientane kan tilvisast til kognitiv utgreiing, medikamentgjennomgang, funksjonsvurdering/fallvurdering, generell indremedisinsk vurdering og førarkortvurdering der ein har behov for ekstra bistand frå spesialisthelsetenesta.

---

## **Samhandlingsmøte mellom PKO og ortopedisk avdeling**

14.10 blei det arrangert eit digitalt møte mellom PKO og ortopedisk avdeling. Bla. deltok ortoped og overlege Kristian Humborstad og ny overlege/ryggkirurg Nils Hendrik Gerhard Richter. Richter kjem frå Hagevik og har framleis eit nært samarbeid dit. Ryggpasientar blir eit samarbeid no mellom ortopedisk avdeling Helse Førde, nevrokirurgisk avdeling ved HUS og ortopediseksjonen ved Hagevik. Det vil komme noko meir systematikk omkring utgreiing, tilvising og behandling. Humborstad og Richter laga presentasjonar til dette møtet som ligg ved her.

Det er no avtalt at vi arbeider mot eit emnekurs i ortopedi med ortopedisk avdeling Helse Førde som arrangør og der PKO bidreg. Planen er at kurset skal arrangerast våren 2022 som eit kombikurs - digitalt og fysisk. 10 timar digitalt (småbolker) og eit 5 timar praktisk kurs med fysisk oppmøte. Det kjem meir info.

[2021 10 14 Møtereferat PKO Ort.pdf](#)

[2021 10 14 PKO skulder.pdf](#)

[20211014 Rygg i førde pk.pdf](#)

---

## Status Covid og samhandlinga mellom Helse Førde og kommunane.

Frå Samhandlingsnytt september 2021

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/samhandlingsnytt/>

**Slik er den nye sjukehus-kvardagen**

**Saksa frå Helse Førde si internettside:**

### **Ein normal kvardag på sjukehuset, med auka beredskap i tilfelle endringar i smittesituasjonen. Kva inneber dette i praksis for oss i Helse Førde?**

Frå og med sist laurdag har Noreg vore i ein ny fase, skildra som «ein normal kvardag med auka beredskap». 561 dagar etter at pandemien starta, 12. mars 2020, gjekk Noreg over frå kontroll- til beredskapsstrategi. Vi må framleis rekne med nokre tiltak framover. Vi står framfor ein haust og vinter som kan gje store utfordringar når det gjeld koronavirus, influensa og RS-virus samtidig. Styresmaktene ber difor helseføretaka om å ha planar klare for at mange pasientar kan bli innlagde med smittsame sjukdommar.

Vi er plikta til å ha beredskap for god kapasitet på analysar, og for auka sjukefråvær blant tilsette. Pasientar skal framleis avklarast med tanke på smitte. Det er framleis viktig å avgrense risikoen for smitte inne i sjukehusa, både for å beskytte sårbare pasientar og eigne medarbeidarar. Du skal framleis halde deg heime om du er sjuk, og teste deg om du har symptom på luftvegssjukdommar. Dette gjeld også for dei som er vaksinerte.

Avgrensingar på tal personar i møterom, slik dei var under covid, blir avvikla. Det same gjeld restriksjonane for besøkande slik dei var under covid.

Den nye kvardagen inneber at restriksjonar i Noreg stort sett er fjerna. Unntaket er kravet om isolasjon for dei som er sjuke av Covid-19.

Endringane gjeld blant anna karantene og testing. Vi skal framleis gjere smittesporing i sjukehusa, og det er viktig at vi får informasjon dersom tilsette eller pasientar testar positivt. Vi minner også om å ikkje gløyme det sjølvsgatte: God handhygiene!

Full oversikt over tiltak, råd og reglar finn du [HER](#) (lenke regjeringen.no).

[HER](#) kan du lese FHI sine korona-råd.

[HER](#) kan du lese FHI sine råd om forsterka smitteverntiltak i helse- og omsorgstenesta.

---

## Samhandlingsmøte mellom PKO, klinisk kjemisk lab (LMBB), mikro og patologi

PKO har regelmessige møter med avdelingane i Helse Førde. Møta omhandler i hovudsak samhandlinga mellom avdelingane og allmennlegetenesta. I tillegg blir vi oppdatert om nyheiter frå avdelingane. Referatet kan vere nyttig lesnad for kolleger ute.

[Møtereferat PKO samarbeid med LMBB mikro patologi 16.09.21.pdf](#)

Nyttig nettside med detaljert info og brukerhandbøker

<https://helse-forde.no/laboratoria>

---

## **Tilskotsordning for ALIS-avtale**

Nytt frå Statsforvaltaren Vestland

Målet for tilskotsordninga er å auke talet på fastlegar i kommunen, redusere talet på ledige fastlegeavtaler og auke stabiliteten blant allmennlegar i spesialisering.

Søknadsfristen er 16. november 2021

Auke i tal ALIS-avtalar er eit viktig tiltak i Handlingsplan for allmennlegetenesta 2020-2024, og tilskotet skal bidra til å dekke kommunens meirutgifter ved inngåing av ALIS-avtalane. Målet for tilskotsordninga er å auke talet på fastlegar i kommunen, redusera talet på ledige fastlegeavtalar og auke stabilitet blant allmennlegar i spesialisering.

Tilskotet kan søkast for ALIS i næringsverksemd og for ALIS tilsett i kommunen.

Fastlegevikarar utover eit års varigheit vil og kvalifisera for tilskot, så framt dei har ALIS-avtale.

[https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/tilskotsordning-for-alis-avtale/?utm\\_source=nyhetsbrev&utm\\_medium=epost](https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/tilskotsordning-for-alis-avtale/?utm_source=nyhetsbrev&utm_medium=epost)

---

## **Pakkeforløp hjem for kreftpasienter**

Høringsbrev

Bakgrunn

Helsedirektoratet fikk i 2018 i oppdrag fra Helse- og omsorgsdepartementet å utarbeide Pakkeforløp hjem for kreftpasienter. Oppdraget var å utarbeide og implementere pakkeforløp hjem for kreftpasienter i løpet av en 3-årsperiode. Pakkeforløp hjem for kreftpasienter skal sikre forutsigbarhet for pasientene og kvalitet i utredning og behandling, både i spesialisthelsetjenesten og i kommunal helse- og omsorgstjeneste. Det er et spesielt fokus på psykososial oppfølging av pasientene (og ev. pårørende), og bl.a. roller og ansvar i spesialisthelsetjenesten og i kommunen beskrives.

Pakkeforløpet skal bygge på eksisterende strukturer, rolle- og ansvarsfordeling i helsetjenesten, samt gjeldende normerende produkter, de nasjonale faglige retningslinjene for kreft og pakkeforløpene for kreft mv.

<https://www.helsedirektoratet.no/horinger/pakkeforlop-hjem-for-kreftpasienter>

---

Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingssidene  
- bl.a. referat få møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til  
allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

### Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

### Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

#### **Normund Rolleiv Svoen**

Praksiskonsulent/Leiar fror PKO i Helse Førde

Mobil 95770807

Privat epost: [svoens@gmail.com](mailto:svoens@gmail.com)

Virtuelt møterom: 997564

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

<https://helse-forde.no/>

